



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling plan

Gunnar Helleland
Lundsneset 3

5464 DIMMELSVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	476 79 967	2022/224-111		27.03.2025

Tilbakemelding - vedkjem merknader

Viser til di tilbakemelding og ditt innspel frå 26.10.2020.

Me har sjekka gjennom historisk arkiv her hjå oss og har funne innspelet ditt frå 2020. Innspelet ligg på sak 2020/1894 som også er vist til i saksutgreiinga.

Ved ein inkurie er denne ikkje sendt over til konsulenten saman med dei andre innspela, og det beklagar me på det sterkaste. Dette har ikkje vore tilsikta i det heile. Det er underteikna som har feila og ikkje konsulenten som har svikta.

Me vurderer likevel at tema er grundig drøfta og løfta fram for vegeigar, og håpar det er til hjelp så langt i prosessen.

Innspel om tema kom allereie i folkemøtet, og er lista opp i referat etter møtet på Omvikdalen skule som me hadde 29.10.2020. Innspel om tema er også kome frå fleire partar, og oppfølgjande innspel frå deg og fleire også ved varsel om utvida plangrense i februar 2022.

Me hadde også dialog kring tema seinare i planprosessen der du i juni 2024 sende oss ein e-post. Du stiller også då spørsmål til tema, og administrasjonen har svara ut etter ein ny dialogrunde med vegeigar og deira vegavdeling.

Me skjønar godt at du spør når me ikkje hadde vist til ditt første innspel. Håpar likevel dette er oppklarande, og orsakar igjen denne inkurien.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs
Planleggjar off. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Leif Ove Mikkelsen

Rosendalsvegen 10